

Stillas og opne kyrkjer!

Tekst: Eldbjørg Leinebø Ekre,
frivillig og medlem i Nes menighetsråd.

Tek ein seg ein køyretur til Nes og Helgøya, legg ein raskt merke til at kyrkjene ligg der som signalbygg i bygdene. Helgøya kyrkje ligg vakkert plassert på ei høgde mellom åkrar og med utsyn over Mjøsa. På Tingnes speglar Nes kyrkje seg i Mjøsa. Stavsjø kyrkje er «bykyrkja» som ligg midt i sentrum mellom åkrar, butikkar og asfalt.

Eg køyrer ofte forbi Stavsjø kyrkje, og fra tid til annan, også forbi Ringsaker kyrkje. Den siste tida har eg lært meg å setje pris på stillaset på kyrkjeveggane. Vedlikehaldet sikrar kyrkjene for framtida, noko som betyr at menneske kan fortsetje å søke kyrkja i kvardag, sorg, glede og fest.

Når eg køyrer forbi kyrkjene tek eg meg ofte i å draume om kyrkjer som er opne 24 timar i døgnet. Opne kyrkjer som kan vere ein stad der folk heilt uforpliktande kan stikke innom og ta ein pust i bakken, kanskje tenne eit lys for noko eller nokon. Ja til og med vere ein overnattingsstad for heimlause, slik som Vår Frue kyrkje i Trondheim. Hamar bispedømme sin visjon «Heilage rom for alminnelege liv» oppmodar, slik eg forstår visjonen, til å opne opp kyrkjene i større grad. Ja, eg veit, det er ressurskrevjande å halde kyrkjer opne, men det er lov å draume.

(I Ringsaker er heldigvis fleire av kyrkjene opne nokre periodar i året. Nes kyrkje er open i sommarsesongen, og Ringsaker kyrkje er open store deler av året. Enkelte kveldar er det open kyrkje i Veldre kyrkje, da med diakon til stades.)

Under høgtida allehelgen er mange kyrkjer opne. Opne kyrkjedører inviterer born, unge og voksne inn til vandring og stille, ettertanke og bøn. Og mange tenner lys for livet som har vore, og takkar for livet som er, og livet som kjem oss i møte kvar einaste dag.

Stillas på kyrkjeveggane og opne kyrkjer er eit sunnheitsteikn. Det er forteljninga om ei kyrkje som pustar i tida ho er kyrkje i, og der det alminnelege og heilage livet brått blir same sak. Og det vitnar om at kyrkja har ein viktig funksjon å fylle, her og no, men også i framtid.